



ÅRSMELDING 2017
HAREID SOKN



DEN NORSKE KYRKJA
Hareid Sokn

INNHALDSLISTE

SAKLISTE ÅRSMØTET	SIDE 02
SOKNEPRESTEN	SIDE 03
SOKNERÅD OG FELLESRÅD	SIDE 04
TILSETTE OG FRIVILLIGE	SIDE 06
UNDERUTVAL	SIDE 07
BUDSJETT	SIDE 08
GUDSTENESTELIVET	SIDE 09
DIAKONARBEIDET	SIDE 10
KYRKJE- OG KYRKJEGARDEN	SIDE 12
MISJONSUTVALET	SIDE 14
KYRKJEMUSIKALSK	SIDE 15
UNDERVISNING OG TRUSOPPLÆRING	SIDE 16
FRIVILLIGSENTRALEN	SIDE 18

SAKLISTE ÅRSMØTE:

1. KONSTITUERING AV ÅRSMØTET
2. ÅRSMELDING 2017 FOR HAREID SOKN MED REKNESKAP OG BUDSJETT TIL ORIENTERING
3. KYRKJELYDSHUS

ÅRSMELDING FOR HAREID SOKN 2017 ER UTARBEIDD AV SOKNERÅD, UNDERUTVAL OG STABEN I HAREID SOKN, OG GODKJENT I SOKNERÅDSMØTET 13. FEBRUAR 2018 I SAK SR 03/18

HAREID, 13. FEBRUAR 2018
FOR HAREID SOKNERÅD

BENTE ANDREASSEN PILSKOG

KYRKJEVERJE

BILDE PÅ FORSIDA:

Når eit barn vert boren til dåp vert vi minna om at ingen kan bere seg sjølv. Gjennom dåpen vert vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekker seg over heile verda - og gjennom alle tider. Tvillingane Josefine og Aksel Belelli-Pilskog blei døypt på Melshornet, under gudstenesta der 2. pinsedag v/sokneprest Leidulv Ø. Grimstad. Halve dåpsfølget var italiensk, difor tok soknepresten både nådehelsinga, den vesle bibel og velsigninga på italiensk.

Foto: Hareid sokn v/Jan Erik Hovland

KJÆRE KYRKJELYD

Hareid kommune er ei oversikteleg kommune på om lag 5200 innbyggjarar. Vi har ei kyrkje som er rotfesta i folket, og som dei er glade i. Våre forfedre har vore med å lagt grunnlaget til dette. I dette høve vil eg spesielt nemne gamleklokkaren, Lars Hareide. Han var mellom anna med å stifta indremisjonen, ungdomsforeininga og søndagsskulen i Hareid. Han var bevisst på at desse organisasjonane måtte vere nært knytt opp til kyrkja, og blei grunnlaget for ei samling av folket og dei kristelege organisasjonane. Hans grundtvigianske kristendomssyn har vore med å prege både det kyrkjelege og kulturelle livet i Hareid heilt fram til i dag. Kyrkja og bedehuset har gått hand i hand, og har gjort sitt til at vi ikkje har hatt særleg behov for frimenigheiter i Hareid. Denne arven er det viktig å ta vare på.

Aktiv kyrkjelyd

Hareid sokn har eit mangfaldig arbeid i kyrkjelyden vår, og eit godt samarbeid med frivillige og kulturelle lag, kor og organisasjonar. Av kyrkjelydsarbeidet må nemnast det breie trusopp-læringsarbeidet som femner alle årstrinn frå 0 til 18 år, eit omfattande og førebyggjande arbeid i trygge og rusfrie miljø.

Arbeidet som sokneprest er mangfaldig, til dømes andakter på Hadartun, ulike samtalar, dåpssamlingar/samtalar, soknebod/nattverd i heimen, deltaking i krise- og omsorgsgruppa i Hareid, deltaking i råd og utval, deltaking i trusopp-læring, forkynning/andakter i ulike samanhengar, o.a. Soknepresten deltek også i beredskapsordninga for Søre Sunnmøre prosti.

Ei folkekyrkje

Som det går fram av statistikken, har det vore 65 gudstenester i 2017. 11 av gudstenestene er knytt til trusopp-læringa. 4 gudstenester har vore på Hadartun, friluftsgudstenester på Melshornet, Alskleiva og Kvitneset, bedehuset i Hjørungavåg og Bigset, og Ishavsmuseet Aarvak. Der har vore 81 andakter ved Hadartun. I 2017 var det 6 vigslar, derav eit på Ishavsmuseet, Aarvak. I 2016 vart det døypt 48 born og 57 born i 2017. Av desse var ein dåp av tvillingar på Melshornet 2. pinsedag, og 1. påskedag var det dåp av ein ung afgangsk ungdom.

Tala for konfirmerte er 49 for 2016 og 34 for 2017, stor variasjon i årskulla. Av gravferder var det 48 i 2016 og 47 i 2017. Vi fekk 7 innmeldingar i 2017 og 8 utmeldingar, 3 av desse gjekk til eit anna trussamfunn. Ut frå den kyrkjepolitiske situasjonen hadde ein kunne forvente større utmeldingar, men eg meiner at det låge talet gjenspeilar tilknytning ein har til lokal kyrkje.


22.000 over kyrkjedørstokken

Tala viser ein stabilitet i kyrkjelyden, likevel merkar ein at tradisjonen med å «gå til gudstene» søndags føremiddag dei siste åra har hatt ein nedgang. Men ikkje i 2017, då var det ein oppgang og tilsaman 9891 deltok i gudstenester, altså 1550 fleire enn ved gudstenester året før.

Mange av aktivitetane til soknet skjer i kyrkja, som er i bruk nesten kvar einaste dag gjennom heile året. I 2017 var det om lag 22 000 som gjekk over kyrkjedørstokken, noko som i gjennomsnitt utgjer om lag 1800 kvar månad. Talet er ikkje unike personar, men kvar gong ein person har besøkt kyrkja. Dette fortel at arbeidet i kyrkja femner vidt.

Fellesskapet kring gudstenestene og behovet for å kome saman inn for Guds velsigning, styrkjer både den einskilde og kyrkjelyden. «Guds ord er vår fedrearv», syng vi. Skal denne arven gå vidare til nye generasjonar, må desse sjå at arven er verdifull.

Hareid 31.12.2017
Leidulv Ø. Grimstad



SOKNEPREST Foto: Hareid sokn/Jan Erik Houland

HAREID SOKNERÅD OG HAREID KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sokneråd/ fellesråd

Leiar: Gunmar Grimstad

Nestleiar: Kjersti Røyset Topphol

Medlemer: Turid Engen, Bjørg Vartdal Hareide, Elisabeth Myrene (permisjon), Lars Sellereite, Wenche Iren Roppen, Hege Tretnes

Varamedlemer: Lidvar Arne Grimstad, André Gjerde, Dagfinn Snippsøyr, Hallvard Sæverud, Greta Sandanger Goksøyr, Jahn Kjell Fjørtoft, Elsa Hasund

Geistleg repr.Soknepresten i Hareid

Geistleg vararepr.Soknepresten i Ulstein

I fellesrådet møter også:

Kommunal repr: Kristian Fuglseth

Kommunal vara: Marit Johanne Øien Sæverud

I tillegg har soknet hatt følgjande underutval:

Arbeidsutval, administrasjonsutval, diakoniutval, forhandlingsutval, gudstenesteutval, kyrkje- og kyrkjegardsutval, kyrkjemusikalsk utval, misjonsutval og undervisningsutval.

Hareid sokneråd/Hareid kyrkjelege fellesråd har i 2017 vore samla totalt 9 gongar; soknerådet har handsama 31 saker, fellesrådet har handsama 41 saker.

Rådsmøta vert vanlegvis haldne på kyrkjekontoret. Dei er opne for tilhøyrarar, møteplanen og referat finn ein på soknet si nettside hareid.kyrkja.no.

Kyrkjelydsmøte/årsmøte 19.mars

Årsmøtet vart halde i Hareid bedehus søndag 19. mars etter gudstenesta i Hareid kyrkje. Det møtte 45 personar. I forkant var det sal av brennsnut og servering av kaker og kaffi. Det vart vist ei bilde-kavalkade frå Trusopplæringsarbeidet i 2016, Hareid Ten Sing song, og Ole-Markus Pilskog presenterte nytt arbeid blant barn og unge.

Ungdomsarbeidar

Soknet har i samarbeid med Hareid KFUK-KFUM tilsett barne og ungdomsarbeidar i 50% stilling, med hovudansvar for Ten-Sing koret og Tweensklubben. I tillegg til desse faste oppgåvene går stillinga inn i nokre av tiltaka i trusopplæringa . Nytt tiltak kom i gong i forlenging av stillinga, «Kulturverstad for ungdom», eit tilbod med dans, song og drama.

Ny kyrkjevevje

Hareid sokn fekk ny kyrkjevevje 1. desember, etter at førre kyrkjevevje søkte anna stilling utanfor soknet. Den nye kyrkjevevja skal leie verksemda og har ei allsidig rolle. Mykje å sette seg inn i og mykje å engasjere seg i. Eit aktivt kyrkjelydsarbeid som både kan prege og vere i samspel med lokalsamfunnet er eit av siktemåla. Saman med dei andre medarbeiarane seier kyrkjevevja at ho føler ho er komen godt i gong, i ein stab som deler på både fagkunnskap og nådegåver i ein aktiv kyrkjelyd.

Kyrkjelydshus

Hareid sokn fekk førespurnad frå styret i bedehuset/KFUK-M våren 2016, om å overta bedehuset til kyrkjelydshus. Soknerådet har hatt saka framme sidan, og danna ein komite for å arbeide med dette våren 2017. Vedtak vert fatta innan juni 2018.

Ny lov om trus og livssynssamfunn

I 2017 blei det lagt fram forslag frå regjeringa for ny lov for trus og livssynssamfunn. Den blei sendt ut på høyring til mange ulike organ med høyringsfrist 31. desember 2017. Soknerådet jobba grundig med saka og sende inn høyringsforslag innan tidsfrist.

«Min favoritt» lokalt engasjement

13 lokale solistar fekk framføre sin favoritt-julesang i ei fullsett Hareid kyrkje den 21. desember. Det var 349 betalande, der berre 5 billetter vart selde i døra! Eit eige band var samansett for anledninga og leia av Iris Kristin Tangen Nanseth. Arrangementet viser muligheiter og resultat, dersom ein tenkjer nytt og har fokus på god samhandling. Dette nye tiltaket blei ei flott og allsidig oppleving for kyrkjelyden vår.

Familiejulefest

Det er lenge sidan det har vore julefest på bedehuset særskilt tilrettelagt for barn. Difor blei det laga til julefest 29. desember, med godt oppmøte av spesielt barnefamiliar. VI-koret song, andre lokale musikalske bidrag, kortversjon av «Julenatt i stallen» julespel som fortel historia om den gang Jesus vart fødd, loddtrekning med fine premiar, pepparkaker, kaffi og saft – før det heile blei avslutta med song og gong kring juletreet.

500 års markering av Luther-jubileet

Reformasjonsjubileet har vore markert på ulike måtar gjennom heile 2017. Hovudtema for reformasjonsmarkeringa i Norge i 2017 var "NÅDE", med undertema: "Frelsa er ikkje til sals", "Menneske er ikkje til sals" og "Skaparverket er ikkje til sals". Desse tema vart markert ved gudstenester i løpet av året.

Hareid sokn hadde den 22. mars, som ein del av fasteprogrammet, foredrag av prest Ingebrigt Austnes med tema Reformasjonen 500 år – kva no? Luther og hans forklaringar i Den vesle katekisme var framhaldne ved fleire gudstenester. Vi hadde og ein gjennomgang av katekismen for konfirmantane, knytt opptil Luther-jubileet.

Hareid kyrkjelyd var og representert ved den store fellesgudstenesta i Volda kyrkje den 27. august. Der var biskop, prost og alle prestane i prostiet tilstades. Alle prestar i Noreg var pålagde å gjennomføre eit Luther-studie knytt til NLA.

Kontakt og kommunikasjon

Hareid sokn sitt arbeid er ein viktig del av tilbodet for innbygarane Hareid kommune.

Det er viktig å gjere kyrkja synleg på ein god og verdig måte, samt nå ut i ulike kanalar med informasjon om våre arrangement og vårt samfunnsviktige arbeid.

Lokalavisa: I oddetalsveker har Hareid sokn ansvaret for å levere materiale til «Kyrkjesida» i lokalavisa Vikebladet. Vi sender også redaksjonelt stoff til lokalavisa, samt annonser ved behov.

Ny heimeside & sosiale media: Hareid sokn fekk ny heimeside i 2017, adressa er hareid.kyrkja.no (utan www). Her kan du lese om våre aktiviteter, melde inn dåp, finne generell informasjon og lese nyhende. Å følgje med i tida og vere synleg på sosiale media er viktig for å formidle dei ulike ting som skjer. Samstundes lagast det informasjonshefter og invitasjonar som sendast ut i brevform. Hareid sokn har også eiga Facebookside (Hareid kyrkje), det same har Frivilligsentralen vår (Hareid Frivilligsentral).

TILSETTE OG FRIVILLIGE

Ein levande kyrkjelyd

Frivillige medarbeidarar er den viktigaste ressursen, og i Hareid sokn er vi velsigna med mange som engasjerer seg på ulike område. Dei 397 personane som i 2017 har delteke i frivillig arbeid er ei inspirasjonskjelde for soknet, og dei bidreg med engasjement som er med på å gjere kyrkjelyden til eit levande fellesskap. Vi er svært takksame for alle som i stort og smått er med i ulike samanhengar, noko som er med å legge grunnlag for kyrkja i notid og framtid.

Tilsette i Hareid kyrkjelege fellestråd:

Kyrkjevevjerje: Jan Erik Hovland 80% (september 2017)

Fungerande kyrkjevevjerje: Barbro Landmark (september – 1. desember 2017)

Ny kyrkjevevjerje: Bente Andreassen Pilskog 80 % (f.o.m. 1. desember 2017)

Sekretær: Eli-Sølvi Jønsson, 50 %

Kantor: Ida Teige, 100 %

Kyrkjelydspedagog: Barbro Landmark, 100 %

Medarbeidar i trusopplæringa: Eli-Sølvi Jønsson, 50 %, Anvor Sukka (timelønt)

Kyrkjjetenar/kyrkjegardsarbeidar: Bjarte Sunde 100%, Bjarne Sukka (timelønt), Odd Lykstad (timelønt)

Hareid Frivilligsentral: Heidi Pedersen Kvalsvik 100 %

Ungdomsarbeidar: Ole Markus Pilskog 30% fram til sommaren (lønna gjennom Hareid KFUK/M)

Ny ungdomsarbeidar: Elin Gaustad 50 % f.o.m. 21. august (lønna gjennom Hareid KFUK/M)

Vikarar/ekstrahjelp: Håkon Orten Trovåg, Leiv-Arne Hansen, Torger Havåg, Sveinung Seljebotn, Jan Erling Davidsen, Sarunas Simanavicius, Odd Lykstad, Ingrid Nerhoel, Lidvar Grimstad, Olav Egge Brandal. Svenning Veiseth, Eivind Bjåstad, Turid Engen, Odd Erling Eriksen.

Med Møre bispedøme som arbeidsgjevar:

Sokneprest i Hareid: Leidulv Ø. Grimstad

Sokneprest i Ulstein: Margit Lovise Holte

Kapellan i Ulstein: Jørgen Skogestad Kleiven

Frivillige i gudstenesta:

Klokkarar: Bjørg Vartdal Hareide, Inga Gjelsvik Barstad, Kjersti Røyset Topphol

Medhjelparar: Marit Øien Sæverud, Cathrin Duweh

Forbønsgruppe: Ole Markus Pilskog, Cathrine og Alfred Duweh, Irene Follestad Riise, Solveig Engen, Else Oksavik

Kyrkjevertar: Ingebjørg Mork, Jorunn Ulstein, Reidun Melhus, Toril Sæter, Hege Tretnes, Wenche Roppen, Gunnmar Grimstad, Lars Sellereite, Lidvar Grimstad, Margrete og Arild Husøy

Ansvar for lyd- og bilde: Arne Kåre Topphol, Christoffer Bakkely, Hans Otto Brekke, Jostein Nedrelid, Kjell Arve Østrem

Blomar til gudstenestene: Anne Sofie Brandal, Judith Pilskog, Rigmor Skeide Liavåg

Ein stor takk går også til forsongarar, solistar og blåsarar som har vore med og gitt gudstenestene våre eit musikalsk løft i 2017.

Andre frivillige:

Andakter på Hadartun: Irene Follestad Rise, Kjell Einar Ljones, Sigurd Grimstad, Olav Fure, Lidvar Grimstad, Toril Sæther. I tillegg er det mange andre som også gjer ein god og viktig innsats i og for kyrkjelyden vår. Soknerådet ynskjer å rette ei stor takk til alle!

SOKNERÅDET SINE UNDERUTVAL 2016-19

Arbeidsutval: Leiar Gunmar Grimstad, Kjersti Røyset Topphol, Lars Sellereite, Sokneprest, kyrkjevevja sekretær.

Administrasjonsutvalet: Leiar Gunmar Grimstad, Kjersti Røyset Topphol, 2 rep.frå dei tilsette er Bjarte Sunde og Heidi Kvalsvik, kyrkjevevja sekretær.

Forhandlingsutval: Leiar Gunmar Grimstad, nestleiar Kjersti Topphol, kyrkjevevja sekretær.

Diakoniutval m/ Kontakt i Kirkens SOS: Greta Sandanger Goksøyr, Reidun Melhus, Ole Markus Pilskog, Bjørg Vartdal Hareide, soknepresten og leiar i frivilligsentralen.

Kyrkje og kyrkjegardsutval: kyrkjetenar, Torgeir Ringstad, Jostein Nedrelid, Andre Gjerde, Lars Sellereite (leiar), kyrkjevevja

Gudstenesteutval: Synnøve Overå Hide, Arne Kåre Topphol, Turid Engen (leiar) soknepresten, kyrkjelydspedagogen, kantoren,

Misjonsutval: Odd Lykstad, Petra Bakkely, Jahn Kjell Fjørtoft, Kjersti Røyset Topphol (leiar), Eli Sølvi Jønsson.

Kyrkjemusikalsk utval: Leiv Arne Grimstad, Christoffer Bakkely, Lidvar Grimstad, Wenche Roppen(leiar), kantoren

Undervisningsutval: Kristian Fuglseth, Elisabeth Grimstad Kirkebø, Vibeke Holstad, Hege Tretnes (leiar), kyrkjelydspedagogen

Styret i Frivilligsentralen: Bjørg Vartdal Hareide, vara:? Hanne Holstad, vara: Ragnhild Strømgjerde, daglig leiar frivilligsentralen er sekretær

Statistikk til årsmeldinga 2017					
Totalt antal medlemar i DNK Hareid pr.31.12.2017		3976			
Type	2013	2014	2015	2016	2017
Innmeldingar	0	1	2	2	7
Utmeldingar	7	18	15	14	8
Døypte heimehøyrande i soknet	30	51	34	37	43
Gudstenestebesøk totalt i snitt	155	152	155	139	157
Antal gudstenester totalt	61	55	57	60	65
Nattverdsdeltakande	2538	2801	2882	2505	2386
Gudstenester med nattverd	36	40	37	40	36
Gudstenester i påska (4) besøkande i snitt	91	132	111	93	91
Kyrkjeoffer	267684	246419	301161	284445	258852
Gudstenestedeltakarar	9455	8360	8835	8340	9891

BUDSJETT 2018

	Bud. 2018	Bud. 2017	Rekn. 2016	Rekn. 2015
KYRKJELEG ADMINISTRASJON				
Kommunalt tilskot	-3980000	kr -3 698 000	kr -3 332 850	kr -3 264 300
Div. inntekter	-359500	kr -293 000	kr -461 918	kr -367 660
Sum driftsinntekter	-4339500	kr -3 991 000	kr -3 794 768	kr -3 631 960
Personalkostnader	1006500	kr 866 500	kr 802 516	kr 749 851
Andre driftsutgifter	1387200	kr 1 428 200	kr 954 670	kr 1 017 861
Sum driftsutgifter	2393700	kr 2 294 700	kr 1 757 186	kr 1 767 712
RESULTAT	-1945800	kr -1 696 300	kr -2 037 581	kr -1 864 247
KYRKJA				
Driftsinntekter	-108000	kr -78 000	kr -78 624	kr -104 455
Personalkostnader	1178400	kr 910 500	kr 340 704	kr 267 135
Andre driftsutgifter	280000	kr 289 000	kr 309 862	kr 362 175
Sum driftsutgifter	1458400	kr 1 199 500	kr 650 566	kr 629 310
RESULTAT	1350400	kr 1 121 500	kr 571 942	kr 524 855
KYRKJEGARDEN				
Driftsinntekter	-313000	kr -303 000	kr -339 093	kr -414 837
Personalkostnader	416000	kr 340 500	kr 386 105	kr 355 352
Andre driftsutgifter	79000	kr 173 000	kr 202 876	kr 292 244
Sum driftsutgifter	495000	kr 513 500	kr 588 982	kr 647 597
RESULTAT	182000	kr 210 500	kr 249 889	kr 232 760
UNDERVISNING & TRUSOPPLÆRING				
Sum tilskot og refusjonar	-612000	kr -599 000	kr -608 000	kr -593 000
Div inntekter	-99000	kr -99 000	kr -103 235	kr -75 497
Sum driftsinntekter	-711000	kr -698 000	kr -711 235	kr -668 497
Personalkostnader	909500	kr 895 500	kr 942 450	kr 823 660
Andre driftsutgifter	143900	kr 155 500	kr 143 228	kr 140 620
Sum driftsutgifter	1053400	kr 1 051 000	kr 1 085 679	kr 964 280
RESULTAT	342400	kr 353 000	kr 374 443	kr 295 783
KYRKJEMUSIKK				
Driftsinntekter	-21000	kr -14 500	kr -58 746	kr -29 240
Personalkostnader	21690	kr 17 800	kr 712 513	kr 655 050
Andre driftsutgifter	21000	kr 18 000	kr 13 336	kr 29 815
Sum driftsutgifter	42690	kr 35 800	kr 725 848	kr 684 864
RESULTAT	21690	kr 21 300	kr 667 102	kr 655 624
FRIVILLIGSENTRALEN				
Driftsinntekter	-744000	kr -741 000	kr -638 337	kr -650 246
Personalkostnader	620000	kr 616 000	kr 589 608	kr 538 396
Andre driftsutgifter	142500	kr 142 500	kr 283 968	kr 90 451
Sum driftsutgifter	762500	kr 758 500	kr 873 576	kr 628 847
RESULTAT	18500	kr 17 500	kr 235 239	kr -21 399
DRIFTSRESULTAT				
	-30810	kr 27 500	kr 61 033	kr -176 624
Bruk av disposisjonsfond	-136500	kr -27 500	kr -183 650	kr -20 700
Avsetningar	0	kr -	kr 85 608	kr 10 208
MER-/MINDREFORBRUK	-167310	kr -	kr -37 009	kr -187 116
Rekneskap 2017 er ikkje ferdigstilt.				

REKNESKAPSSKJEMA 1A – DRIFTSREKNESKAPEN

Vedlegg 1

Regnskapsskjema 1A - Driftsregnskapet

Tall i 1 kroner	Regnskap 2017	Regulert budsjett 2017	Opprinnelig budsjett 2017	Regnskap 2016
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Tilskudd og gaver frå andre	-9 872	-41 000	-15 000	-11 700
Ordinært rammetilskudd	-3 922 850	-3 843 000	-3 698 000	-3 332 850
Kalkulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting	-212 000	-212 000	-212 000	-212 000
Tilskot og gáver frá andre	0	0	0	0
Offer innsamla til eiga virke	-225 893	-229 500	-214 000	-178 581
Andre generelle statstilskudd	-615 732	-606 000	-593 000	-930 441
Sum frie disponible inntekter	-4 986 347	-4 931 500	-4 732 000	-4 665 572
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte	-2 697	-4 000	-4 000	-3 934
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidler)	0	0	0	0
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	5 347	17 000	17 000	9 276
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	67 000	67 000	67 000	67 000
Netto finansinntekter/-utgifter	69 650	80 000	80 000	72 342
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger	181	0	0	0
Til bundne avsetninger	0	0	0	44 281
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	-104 200	-104 200		
Bruk av bundne avsetninger	-138 028	-147 500	-147 500	-167 700
Netto avsetninger	-242 047	-251 700	-147 500	-123 419
FORDELING				
Overført til investeringsregnskapet	17 397	0	0	41 619
Til fordeling drift	-5 141 348	-5 103 200	-4 799 500	-4 674 691
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	5 076 694	5 103 200	4 799 500	4 621 672
Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	-64 654	0	0	-53 019

GUDSTENESTELIVET

Gudstenesta er vårt kristne fellesskap, der vi samlar oss rundt trua på Gud og Jesu Kristi oppstode - på tvers av alder, kunnskap og posisjon. Her kan vi alle kome som den vi er og få ta imot av det Gud vil gi oss. Lokalsamfunnet vårt er mangfaldig, noko som er ei velsigning for både kyrkja og heile Hareid. Dette mangfaldet kan vi og sjå gjennom gudstenestane våre som kan ha ulike former og uttrykk. Nokre er spesielt retta mot barn, og nokre er retta mot ungdom eller vaksne.

Vi ser og høyrer ulikt, vi tek del på ulikt vis, men gudstenesta har som regel noko til alle. Eit ord, ein salme, eller ei bøn. Og ikkje minst er det viktig å sjå og kjenne på at vi er del av det same.

Gudstenesteutvalet handsamar spørsmål knytte til gudstenester, gudstenesteplan, liturgi m.m. og har dei siste åra hatt særleg ansvar for soknet sitt arbeid med innføring av ny lokal gudstenesteordning, samt ny dåpsliturgi og vigselsturgi som blei innført i Hareid kyrkje i 2017. Gudstenesteutvalet har hatt 3 møter i 2017.



Saker som har vore oppe i gudstenesteutvalet er blant anna:

- Diverse referatsaker frå kyrkjemøtet som innføring av ny dåpsliturgi som blei innført i Hareid kyrkje i mai 2017
- Kyrkjemøtet har bestemt at berre 3 ulike liturgiar skal brukast rundt om i landet. I dag er det for mange ulike liturgiar og det blir lite gjenkjennbart når folk er på gudsteneste i ulike delar av landet
- Innføring av ny vigselsturgi frå mai 2017
- Dåp i høgmessa
- Korleis kan vi bli meir inkluderande med kvarandre?
- Korleis kan vi sjå kvarandre på ein betre måte?
- Godkjenning av gudstenestelista for 2018
- Dåpssamtalen og ramma rundt den
- Evaluering av programmet i fastetida

Fasteprogrammet i 2017 såg slik ut:

- 01.mars: Oskeonsdagsgudsteneste
- 08. mars: Fellesgudsteneste på Sufh i høve kvinnekdagen
- 15. mars: Johnny Cash kveld ved Sindre Løvik
- 22. mars: Lutherkveld ved Ingebrigt Austnes
- 29. mars: Solidaritetsgudsteneste
- 05. april: Påskevandring

Vi vil gjerne oppfordre foreningar og lag om å legge møta sine til fastetida i kyrkja, for å støtte opp om kyrkjelyden og det som skjer der.

DIAKONIARBEIDET

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste og evangeliet i handling. Det dreier seg om nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Kva vil vi at diakoni skal vere i Hareid kyrkjelyd? Diakoniutvalet i Hareid har ansvar for å skipe til minnegudsteneste laurdagen før Helgemessesøndag. Denne gudstenesta er open for alle, men pårørande til dei som har gått bort siste året, vert særskilt inviterte. I tillegg er det oftast medlemmer frå diakoniutvalet tilstades på gudstenester der det er minning. Dei har også vore aktive i handteringa av ulike krisesituasjonar i kommunen.

Plan for diakoni i Hareid kyrkjelyd vart vedteken i soknerådet i februar 2016. Planen er delt i fire hovudpunkt; Nestekjærleik, Inkluderande fellesskap, Vern om skaparverket og Kamp for rettferd. Diakoniutvalet hadde 5 møte i 2017. I tillegg kom arbeidsmøte knytt til arrangement.

Diakoniutvalet er ansvarlege/delansvarlege for desse punkta:

Kirkens SOS under hovudpunkt Nestekjærleik.

Minnegudstenesta under hovudpunkt Inkluderande fellesskap.

Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta under hovudpunkt Inkluderande fellesskap.

Universelt utforma gudsteneste under hovudpunkt Inkluderande fellesskap.

Kirkens SOS

Kirkens SOS kom inn i Diakoniplanen denne soknerådsperioden. I årevis har menneske frå kyrkjelyden vår vore telefonvakter, og dei seinare åra også chattevakter. Det trengst stadig nye. Før nokon kan begynne som frivillig på Kirkens SOS, må eit 40-timarskurs gjennomførast. For å gi nokre praktiske tips til det å snakke med sine medmenneske, tilbyr Kirkens SOS eit minikurs kalla God å snakke med.

God å snakke med-kurs 26.oktober

Frivilligsentralane i Ulstein og Hareid, diakoniutvalet i Hareid og dagleg leiar Kirkens SOS, Hilde Lillestøl, samarbeidde om dette to-timarskurset. Sistnemnde var kursleiar. Det vart arbeidd mykje med å marknadsføre kurset i forkant.



KOMPETANSEBYGGING: Godt oppmøte på kurset "God å snakke med" som var eit samarbeid mellom Frivilligsentralane i Hareid og Ulstein. Kurset var leia av Hilde Lillestøl frå Kirkens SOS.

Chattefilial Kirkens SOS

Grappa med Kirkens SOS-frivillige frå Ytre søre og diakoniutvalet har arbeidd for å få ein chattefilial på Ytre Søre. Tanken er at å sleppe fjordkryssing, vil rekruttere fleire og gjere det lettare å halde fram i denne diakonale tenesta. Styret i Kirkens SOS Møre og Romsdal arbeider med saka.

Minnegudstenesta

Som vanleg var diakoniutvalet medarrangør av den årlege minnegudstenesta i kyrkja laurdagen før Helgemesse-søndag. Her vert dei som har misst nokon av sine nære i løpet av det siste året, spesielt inviterte.

Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta

Etter gudstenesta skjærtorsdag kveld er det tradisjon at vi ommøblerer kyrkjerommet, dekker langbord med bollar og kaffi og har ei sosial samling. Måltidet blir avslutta med avduking av alteret, og i 2017 song Guro Topphol «Fem raude roser», tekst Andreas Bjåstad og melodi Anita Winsjansen.

Universelt utforma gudsteneste

Vi har arbeidd med å få til dette, men greidde det ikkje i 2017. «Fjøresteineane» sin julekonsert i Hareid kyrkje i desember, vart eit flott alternativ.

Utanom diakoniplanen

Internasjonal middag fyrste søndag i Hareidsstemna.

Diakoniutvalet vart spurt om å arrangere Internasjonal middag / Thanksgiving. For å få dette til, brukte vi opparbeida nettverk frå tidlegare arrangement. Det vart servert mat frå fleire land og i tillegg arabisk og eritreisk kaffi, med musikk til. I tillegg var det kaker. Ansvarsdeling og økonomi var gjennomdiskutert, og viste seg funksjonell. Overskotet vart brukt til å dekkje utgiftene til dei ulike etniske gruppene, og dei fekk tilbake i forhold til kor mange porsjonar dei enkelte gruppene kom med. I tillegg til inngangspengar, kunne folk betale for kaffi og kaker.

Vi la vekt på at dette ikkje var ein kyrkjemiddag, men eit økumenisk arrangement der folk frå fleire kulturar og religionar tok del.



FELLES MØTEPlass: Internasjonal middag/Thanksgiving på Hareid bedehus, eit arrangement der mange ulike kulturar og religionar møttast til ei fin stund saman med god mat og god prat.

KYRKJA OG KYRKJEGARDEN

Kyrkja vår er eit klenodie og eit praktbygg som vi er stolte av og som ein har både minner og sterke følelsar til. I kyrkja opplever vi både glede og sorg, høgtid og kvardag. Gjennom aktiviteter i trusopplæringa, kultur, omsorg og gudstenester har kyrkja ei brei kontaktflate der alle er velkomne. I kyrkja møtest vi på tvers av generasjonar, sosial status og interesse, forankra i eit inviterande fellesskap og mangfald. Alle har ein plass i fellesskapet, kvar med si tru og sin tanke.

Hareid kyrkje er ei kyrkje der alle er velkomne, og som bidreg til å gjere lokalsamfunnet til ein god stad å leve for menneskjer i alle livsfaser. Det er viktig å ta vare på kyrkja og gjere nødvendig vedlikehald og tilpasningar til dagens aktiviteter i kyrkja.

Renovering

I fleire år har det vore planar om å renovere kyrkja, både golv, oppvarmingssystem og eit universelt utforma inngangsparti med toalett.

Det er dialog mellom kyrkja, riksantikvaren og Møre bispedømeråd om korleis vi best kan løyse planane om nytt oppvarmingssystem og nytt golv i kyrkja. Det er innhenta fagleg anbefaling av tiltak i høve oppvarmingssystem og forbetringar for energieffektiv og miljøriktig drift i kyrkja. Planar er utarbeida om å lage teknisk rom i driftsbygninga for innføring av varmerør til kyrkja. Hareid kommune vedtok i desember 2017 å tildele midlar til dette planleggingsarbeidet for 2018.

Vask av kyrkja innvendig og vern på omnane

På vårparten vart kyrkjeromet vaska grundig frå golv til tak, og flekkmala grunna slitasje. Dette vart gjort av eit innleigd selskap. Det er og blitt montert vern over alle omnane i kyrkjeromet.



HAREID KYRKJE, kyrkjegarden og Den norske kyrkja sitt arbeid er ein viktig del av tilbodet for innbyggjarane i Hareid kommune.



KYRKJEGARDEN

Gravplassane er ein sentral del av vår kulturarv. Dei inngår ofte som del av kulturlandskapet. Det er no ei stund sidan vi tok i bruk det nye gravfeltet (2014). Det ligg fint til med lys og vegar. Den nye gravplassen har også eit trus og livssynsnøytralt gravfelt, som er det einaste i regionen. Det har vore litt manglar på nokre av utelysa, men dette blei fiksa ved årsskiftet. Det er kommuna som så langt har hatt ansvaret for det nye gravfeltet, og soknet overtek ansvaret i løpet av sommaren 2018.

Kyrkjegardsmuren

På initiativ frå HAFEST vart det sett i gong arbeid med reingjering av kyrkjegardsmuren som var mosegrodd. Brukt og billeg butikken til Frivilligsentralen har gitt kr. 25.000 av sitt overskot til dette arbeidet. Mosen vart fjerna og muren reingjort, og den nyaste delen av muren vart fuga ferdig. Kyrkjegardsmuren ligg no som eit fint smykke ved kyrkja.

Dugnad

Alle ynskjer at det skal vere velstelt og ryddig på ein kyrkjegard, slik at det er godt å kome dit. Når det nærmar seg konfirmasjon og 17.mai, er det ekstra kjekt at kvistar og gammalt lauv er fjerna, og at kyrkjegarden er gjort klar for sommaren. I april hadde vi difor dugnad på kyrkjegarden der det møtte 12 personar, samt ein som kom med kaffimat. Folket raka og bar lauv og greiner, som vart køyrt vekk. Vi inviterer årleg til denne vårdugnaden, og vi oppmodar fleire til å ta del.

Trefelling

Soknet fekk midlar til trefelling via kommuna sin tiltakspakke. Fleire av trea på kyrkjegarden hadde vokse seg veldig store og kunne vere til skade for både bygningar og gravminner. Nokre av dei var i ferd med å råtne innvendig og ville tole mindre i hardt ver. Det vart felt ti tre, fire ved prestestova, eit ved barnegravene, og resten langs muren. Det sær store treet ved barnegravene gav mykje lauv, slik at gravene var til tider dekte av lauv. Planen er at det til våren vert planta eit nytt tre der, av ein ikkje så høg sort.

Like før jul hadde vi ei ny oppryddingsdugnad etter trefellinga, 12-15 møtte. Då rydda vi vekk greiner og raka vekk sagmask, køyrde bort mange hengarlass, rydda og pynta etter beste evne.

MISJON & MISJONSPROSJEKTET

«Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod». Dette sitatet er henta frå kyrkjelyden sitt visjonsdokument for 2016 – 2019.

Misjonsutvalet har hovudansvaret for å drive fram arbeidet med kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.

Hareid kyrkjelyd har ein 4-årig avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Misjonsutvalet arbeider med å gje informasjon til kyrkjelyden om misjon generelt og om misjonsprosjektet spesielt, og med å samle inn pengar til misjonsprosjektet. Misjonsutvalet har hovudansvar for arbeidet med misjonsprosjektet og hadde 3 møter i 2017.

Misjonsdagen på Holesanden

18. juni vart det arrangert kyrkjelyden sin misjonsdag på Holesanden. Misjonsdagen starta med gudsteneste. Jan Ove Kleppe frå NMS talte under gudstenesta og kom med misjonsinformasjon etterpå. Bigset skulekorps tok del under gudstenesta, og spelte ute etterpå. Guro Topphol song. Etter gudstenesta var det loddsal og trekning av gevinstar. Det var sal av grillmat, karbonadar og pølser, med brød og salat. Dessutan kaker og kaffi. Det var godt ver og bra frammøte.

Overskot kr. 18.424 og i tillegg offer på kr. 6.889 vart overført til NMS og kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand.

Middag og Misjon i samband med Barnas misjonsdag

Søndag 26. november hadde medlemene i misjonsutvalet saman med 10-åringane i trusopplæringa, ansvar for «Middag og Misjon» etter barnas misjonsdag i kyrkja. Samlinga var i storsalen på bedehuset. Det var mykje folk, særleg mange barnefamiliar. Det var sal av brennsnut. Denne gongen hadde vi laga brennsnuten sjølv, og vi hadde rikeleg. I tillegg hadde vi kaker som var igjen frå misjonsbasaren kvelden før, i tillegg til nokre nye. Gunnhild Anita Bremer heldt preika i kyrkja og ho hadde også innslag på bedehuset med bilete frå prosjektet i Thailand. Det vart selt årar og lodd på bok. 10-åringane hadde laga mange av gevinstane til åresalet, og nokre av foreldra deira hjelpte til med oppryddinga.

Barne- og Minikantoriet tok del både i kyrkja og på bedehuset. Overskotet vart på kr. 22.502. Stor takk til alle som deltok på ulike måtar både på misjonsstemnet og «Middag og Misjon».

Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand

Tilsaman vart det sendt kr. 67.343 til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Då er også kyrkje-ofringar på kr. 18.239 og Barne- og Minikantoriet sin basar med kr. 8.179 medrekna.



MIDDAG OG MISJON: Store og små samla i fellesskap for å bidra til Hareid sokn sitt misjonsprosjekt i Thailand. Ei fin stund på Hareid bedehus der Gunnhild A. Bremer frå NMS fortalde og viste bilder frå Thailand.

KYRKJEMUSIKALSK ARBEID

Kultur med kunst og musikk har til alle tider gitt form til kyrkja sitt budskap og gjerne formidla det som ord ikkje har makta å forklare eller uttrykke. Kyrkjemusikalsk utval arbeider mellom anna med korarbeid i kyrkjelyden, samt planlegging og praktiske oppgåver i høve konsertar. Dette viktige kulturarbeidet i Hareid, tilfører stunder i kyrkja som inneheld musikalitet av god kvalitet og eit breitt mangfald. I tillegg er det også utleige av kyrkja til eksterne konsertar. Musikk har ein sentral plass i kyrkja vår, og vi er velsigna med talentfulle innbyggjarar som deltek på ymse vis. Ei stor takk til kvar einskild! Utvalet som er ansvarleg for det kyrkjemusikalske arbeidet har hatt 7 styremøter i 2017.

Salmekveldar

Salmekveld 19. april: Påske og nytt liv. Salmekveld 27. september: Kortreist kulturkveld.

Mat og kaffi er ein viktig del som avslutning på kveldane. Salmekveldane favnar mykje folk og mange av desse kjem til stadigheit med tilbakemelding at dei set pris på salmekveldane og variasjonen i arrangementa. Vi held fram med desse kveldane.

Syng- og spelar jula inn

Søndag 17. desember vart kor og korps i kommunen inndelt til å delta på to konsertar. Ole Markus Pilskog heldt andakt under begge to. Der var som åra før, mykje folk! Kora og korpsa stiller med brannvakter og kyrkjemusikalsk utval ser til at alt er på plass før konsertane startar.

Kor, korps og solistar i gudstenesta

Kyrkjemusikalsk utval er svært takksame for alle dei som bidreg og rikjer gudstenestene våre med song og musikk gjennom heile året. Ulike forsongargruppa har også vore svært aktiv dette året. Kantor set opp halvårsplanar for kva tid den enkelte skal ta del. Det gjer det enklare å gjennomføre med dei nye, og enda ukjende salmane våre.

VI-koret - Sist haust fekk soknet eit nytt kortilbod for aldersgruppa 5-8 år. Det er 3 frivillige damer som driv koret. Medlemstalet har variert frå 15-20 stk. Flott tilbod som kan gi mykje glede framover. Dei deltok på ei gudsteneste i haust og på familijulefesten på Hareid bedehus.

Hareid mini- og barnekantori

Hareid mini- og barnekantori øver i kyrkja kvar onsdag ettermiddag. Dei deltek på fleire gudstener i løpet av året. Dei er også oppe ved Hadartun til stor glede for bebuarane der. Øvingshelg på Hakkalegarden er eit høgdepunkt. Mykje leik og moro, og sjølv sagt ein del øving blir det under denne helga. Hareid Mini- og barnekantori er eit kor for jenter og gutar frå 3. klasse og oppover. På øvingane lærer vi å bruke songstemma, både som korist og som solist gjennom både synging og leiking! Koret syng mykje forskjellig: både salmar, barnegospel-songar og liturgien vi bruker på gudstenestene våre.

Konsertar

Kultur og musikk har det også vore i Hareid kyrkje, i form av konsertar med variasjon. Vi vonar det har vore noko for einkvar smak. Vi er vesigna med mange lokale og talentfulle innbyggjarar som har bidrege!



HAREID MINI- OG BARNEKANTORI: Mykje leik og moro, men sjølv sagt også ein del øving for koret som har bidrege med songglede i ei årrekke.

UNDERVISNING OG TRUSOPPLÆRING

Soknet har eit mangfalding og stort undervisningsarbeidet gjennom trusopplæringa. Dette har vi arbeidd systematisk med sidan 2005. Undervisningsutvalet i soknet arbeider med tilrettelegging av undervisning for born og vaksne i soknet.

Oppslutning blant dei høgaste i landet

Hovudsakleg er arbeidet konsentrert om trusopplæringstilbodet som vi har ein ferdig utbygd plan for, med tilbod til alle døypte mellom 0-18 år. Dette arbeidet har ei oppslutning blant dei høgaste i landet. Planen vår vart godkjent av biskopen i mai 2017. Alle sokn skal ha ein slik plan å arbeide etter, som vi har arbeidd med og utvikla frå 2005. Gjennom trusopplæringsreforma (Stortingsmelding 7 – 2002-2003) gav staten kyrkja i oppdrag å sjølv syte for opplæring av dei døypte, og skulen er difor ikkje lenger arena for konfirmantopplæring og kyrkjeleg undervisning.

Felles samling for heile kull i heile kommuna

Nokre av tiltaka er for heile kullet samla, i heile kommuna, då enten på ein leirplass eller i kyrkja. På denne måten tenkjer vi at vi har stor breidde i tilboda og eit godt tilbod for å nå flest mogleg born og unge. Mange av tiltaka for dei minste borna involvera også vaksne, enten som aktive fadrar eller foreldre som er tilstades. Slik når vi også fleire generasjonar på ein gong og kan dele fellesskap med kvarandre. Undervisninga er for mange tiltak lagt opp etter kyrkjeåret. For eksempel alle som har tilbod i løpet av fastetida, har faste som sentralt tema.



Nytt tilbod

Undervisningsutvalet arbeidde fram eit nytt tilbod i løpet av 2017. Etter to gudstenester arrangerte utvalet sporløp og tilbod om grilling. Det eine var etter gudstenesta på Kvitneset Kr.himmelfartsdag, sjølv om det var eit grusomt regnver. Det andre var etter innskriving av nye konfirmantar i juni, der vi brukte Rotarystien og samarbeidde med Speidarane på Bigset og Rotaryklubben. Positive samlingar som vi trur er mulig å gjere om att.

Kyrkjeakademi for vaksne

Undervisningsutvalet arbeidde også med ideen om å tilby kyrkjeakademi for vaksne. Dette er eit økumenisk forum for tro, kultur og samfunn, og medlemmer kan kome frå ulike kyrkjesamfunn. Arrangement med ulike tema og fokus på dialog, kunnskap, samspel, fordjuping, innsikt og forståing. Organisasjonen Norske kyrkjeakademi, tilbyr sine medlemmar økonomisk støtte og hjelp til tema for samlingane. Søknad om opptak vart sendt i løpet av første halvdel av 2018. Hovudmålgruppa er vaksne 30-60 år, men sjølv sagt også ope for andre. Eit nytt tilbod i Hareid sokn som vi trur vil gi gode, variert faglege opplevingar.

OPPMØTE I TRUSOPPLÆRINGA

24 ulike tiltak

I året som gikk gjennomførte vi 24 ulike tiltak med ulikt preg i løpet av skuleåret. Det er viktig for arbeidet å følge både skuleruta og kyrkjeåret. Vi har ikkje noko tiltak i løpet av skuleferier eller inneklemdede fridagar, vi brukar tida rett etter skuletid og ser at det fungerer veldig godt. Då hentar vi borna på skulen og tek dei med til kyrkje eller bedehus. Dette gjeld og samlingar i krins, som igjen betyr at tilsette gjer same jobben 3-4 gongar i løpet av ei veke for å nå flest mulig born. Av dei 24 gjennomførte tiltaka hadde 13 av dei 50% eller meir oppmøte. 3 av tiltaka hadde 30% eller lågare oppmøte. Dette har vore gjennomgåande oppmøte så lenge vi har hatt alle desse tiltaka i planen.

	2014	2015	2016	2017	Medl. i 2017
Trusopplæring-oppmøte i %					
0 år Dåpssamtale	100 %	100 %	93 %	89 %	47 stk.
0-1 år Saman på vegen - Babysong	37 %	36 %	25 %	23 %	47 stk.
1 år Den fyrste song - Dåpsmarkering	45 %	37 %	15 %	30 %	30 stk.
2 år Eg faldar mine hender små- Dåpsmarkering	33 %	26 %	15 %	24 %	45 stk.
3 år Kjære Gud eg har det godt - Sauejakt			32 %	45 %	49 stk.
3 år Lytt, leik, lær - helsing i posten	100 %	100 %	100 %	96 %	49 stk.
4 år Heime i kyrkja- 4 års kyrkjebok	88 %	67 %	66 %	70 %	40 stk.
5 år Jesus har stått opp- palmehelg saman med fadrar	46 %	32 %	46 %	50 %	40 stk.
6 år Eg høyrer Jesus til- 6års kyrkjebok	48 %	48 %	60 %	67 %	55 stk.
7 år Kong David og vi - leirdøgn på Holesanden	63 %	63 %	37 %	64 %	47 stk.
8 år Tårnagent	68 %	63 %	63 %	49 %	51 stk.
8 år Guds gåver, vår glede og vårt ansvar-hausttakkefes	55 %	29 %	64 %	45 %	51 stk.
9 år Perler i kransen-leirdøgn på Kjeldsund	51 %	26 %	66 %	52 %	63 stk.
10 år Gud kjem til oss i Bibelens bøker	77 %	84 %	64 %	78 %	40 stk.
10 år Misjon, Guds gåver, omsorg og nærver for alle	45 %	60 %	56 %	75 %	40 stk.
11 år Kode B	59 %	53 %	30 %	42 %	50 stk.
11 år I Guds omsorg	69 %	63 %	40 %	40 %	50 stk.
12 år Juniorkonfirmant	90 %	52 %	61 %	61 %	41 stk.
13 år Glad dykk alltd! leirdøgn på Kjeldsund	73 %	67 %	53 %	42 %	50 stk.
14 år Konfirmant	100 %	93 %	104 %	94 %	36 stk.
15 år Konfirmert? Kva so?	51 %	44 %	60 %	58 %	36 stk.
16 år Når eg så skal ut i verda	22 %	38 %	58 %	40 %	47 stk.
17 år La oss chille!	0 %	0 %	25 %	40 %	52 stk.
18 år Min draum-mitt liv	28 %	38 %	54 %	63 %	57 stk.



FRIVILLIGSENTRALEN

Frivilligsentralen til Hareid sokn bidreg til å skape møteplasser og tilbod i Hareid, og er ein samhandlingsarena for frivillighet i Hareid. Sentralen er eit kontaktsenter med eit opent og inkluderande fellesskap, med samhandling på tvers av alder, kjønn, økonomisk status eller etnisk tilhørighet. Ein viktig arena der engasjerte, frivillige medarbeidarar utgjør ein positiv forskjell i lokalmiljøet.

Nokre aktivitetar fell av og til bort ved manglande interesse, og nye kjem til. Det er viktig å legge til rette for dei personane som sjølv tar initiativ til ein frivillig aktivitet. Det arbeidast kontinuerleg med å skape gode møteplassar og trivsel i fellesskap, noko som førebygg einsemd og sjukdom.

7.000 frivillige arbeidstimer

Antall frivillige som gjorde ein innsats i 2017 ligg på om lag 95 personer, noko som til saman blir om lag 7.000 frivillige arbeidstimer. Dette arbeidet står det respekt av og vi er svært takksame for innsatsen som dei frivillige bidreg med for å skape eit godt lokalsamfunn. Vi er og takksame for eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald!



25-ÅRSJUBILEUM: Frivilligsentralen feira sitt 25-årsjubileum med utandørs frukostcafe og markerte samtidig Brukt & Billig sitt 10-årsjubileum. Taler, underhaldning og musikalske innslag bidrog til ei fin markering.

25-årsjubileum

Sentralen hadde 25-årsjubileum i 2017, og aktivitetane er bygd opp etter fleire års erfaring. Her kan nemnes: Strikking med Saniteten, Strikk & hånðarbeid på sentralen, Kvinneforening, eldretreff, assistanse på nattverdguestenester, besøksteneste på Hadartun, varesal på Hadartun, Brukt & Billig butikken, bibliotekdager, åremålsbesøk, natteravn, hørselshjelp, internasjonal kulturfest på Hareid bedehus, dialog med FAU-ungdomsskolen, seniornett, datakurs, arrangerer innsamling av leiker, klede etc til asylanter, DIS-gruppe/slektsgranskingskurs, årleg utdeling av frivilligpris, konserter/forestillinger på Hadartun omsorgssenter, laurdagskafe med Ulstein og Hareid Lions, leksehjelp på biblioteket, språkpraksis, arbeidsutprøving, Leve-samling (samtalegruppe), radiobingo og gratis utleige av møtelokale til lag og organisasjonar.

Brukt & Billig

Bruktbutikken gir eit fint overskot kvart år. Desse pengane kjem innbyggerane i Hareid til nytte på ulikt vis. I 2017 gav bruktbuikken 25.000,- til desse: Renovering av taket på Holesanden, Vikoret, renovering av kyrkjegardsmuren, Brandal Vel sitt arbeid på Kvitneset.

Utlån av Frivilligsentralen sine lokale

Lokala er til gratis utlån og bruk for frivillige lag og organisasjonar, som blir motivert til å bruke lokala. Kvart år er det fleire som nyttar seg av dette tilbodet. Nytt av året er «Anonyme Alkoholikere» som har samlingar på sentralen ein gong i veka. I tillegg til våre faste aktivitetar er Frivilligsentralen eit «opent» kontor. Gjennom året er det svært mange samtalar, spørsmål og praktisk hjelp som blir gitt, utan at vi kan talfeste dette.

Tilskot og retningslinjer

Tilskotet til Frivilligsentralen har tidlegare gått direkte til sentralen. No går tilskotet inn i det ordinære rammetilskotet til kommuna, og vidare til Hareid sokn som er eigar av Frivilligsentralen. Tidligere retningslinjer gitt av KUD gjeld ikkje lenger, difor har vi i år fått på plass nye retningslinjer både for sentralen generelt og korleis eventuelt overskot på bruktbuikken skal fordelast. Desse retningslinjene skal godkjennast på årsmøtet til Frivilligsentralen.



ELDRETREFF:

Vert arrangert 5 gongar kvart semester, stort sett på Hadartun. Ein gong kvart semester på pakkhuset i Brandal.

Marie Louise Widnes er ein trufast bidragsytar på desse treffa.



SAMSPEL:

I lokala til frivilligsentralen er det stor aktivitet i løpet av veka. Seniornett, hobbyaktivitet både på dag og kveld, ulike styrer møtast her osv.

Her ser vi Anne Margrete Hareide og Torunn Haugen opptekne med mobilen sin. Dei deltek gjerne på seniornett for å lære meir om nettbruk.

Meir himmel på jorda

Nettstad: hareid.kyrkja.no

Facebook: www.facebook.com/hareid.kyrkje.no/



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid Sokn